*Avishistorie i Aalesund Historielag:*

# Johan Falkberget var redaktør for arbeideravisa i 1906

**Fleire arbeideraviser har hatt sitt virke i Ålesund og har hatt ein ting til felles: Det har aldri vore noko økonomisk godt eventyr. I 1906 kom Johan Falkberget (1879-1967) til byen og gjekk inn i stillinga som redaktør i "Nybrott".**

**BB - KJELL OPSAL**

Under eit kombinert møte med avishistorie og etterfylgjande årsmøte fortalde tidlegare ordførar Kjell Arne Slinning om arbeideravisene rundt forrige århundreskifte.

**Skarpe frontar**

Det var ei tid med skarpe frontar, klassekamp og samanhengande strid for å halde avisøkonomien over vatnet.
Det var ikkje lett, og sjølv ikkje Falkberget greide å snu denne trenden.
Allereie året etter han begynte blei avisa nedlagt.
Falkberget kom rett frå gruvene på Røros, men allereie begynt å skrive i åra som gruvearbeidar.
Han kom til Ålesund med kone og tre born og var åleine i redaksjonen, måtte gjere alt.
Samtidig skreiv han på si første bok som kom ut i 1906. "Hauk Uglevatn".

**Ei fin tid**

Trass tronge kår opplevde han opphaldet i Ålesund som ei fin tid. Han var også formann i den sosialdemokratiske foreninga og blant venene han fekk var Lars Myrås frå Fiksdal.
Seinare kom Møre Sosial-Demokrat som også økonomien sette stopper for.
Kjent for folk flest i dag er Sunnmøre Arbeideravis som blei starta opp i 1934 der den kjende rikspolitikaren Anton L. Alvestad var blant dei medverkande. Han var statsråd i den første arbeiderregjeringa som Hornsrud danna i 1928.
SA som blei den siste arbeideravisa i byen gjekk inn i 1985.

**Årsmøte**

**Etter avishistoria** blei det halde årsmøte der Torgeir Melsæter blei valt til leiar. Med seg i styret har han Ingval Bortne, Kirsti Hopland, Anne Standal, Arne Bjørn Sætre, Reidun Kvien og Odd-Østen Hurlen.
Vara til styret: Rolf Juliebø, Liv Welle og Malvin Dalhus.

Laget har sidan stiftinga i 2014 arrangert ei rekke interessante lokalhistoriske tilstellinger,også med musikkinslag.



*Leiar Torgeir Melsæter (i midten) saman med tidlegare ordførar Kjell Arne Slinning (t.h.) og Sindre Søvik Erstad, aktiv i mange år i historielaget.*

# LHL Skodje/Ørskog/Haram møte om hjern

**Odd Arne inviterte til slagkafé med LHL Skodje/Ørskog/Haram på Skodje ILs klubbhus torsdag 21.februar.**

Et par dager før slagkaféen var vi litt bekymret da vi oppdaga at det skulle være Skodje Grand Prix på Gomerhuset på samme tid, men bekymringene ble gjort til skamme. Om lag 25 tilhørere møtte, og det var både Odd Arne og vi fornøyd med!



*21. februar var det Slagkafé på Skodje ILs klubbhus, her ser vi en del av deltakerne.*

**Tidslinje**

I foredraget denne gangen vi tok tilhørerne med langs en tenkt tidslinje fra tiden før Nils Espens hjerneslag til dagen i dag. Vi prøver å si litt om utfordringer vi har hatt rundt hjerneslaget og hvordan vi og døtrene våre, Tuva og Tale, har møtt og tatt tak i disse.

**Må gi tapt**

Det å rammes av hjerneslag betyr for mange at man må gi tapt på mange sider av livet som andre tar for gitt. Det er ikke bare den slagrammede som opplever dette, men også familien og andre pårørende. Når én dør lukkes, åpnes en annen heter det. I dette legger vi at man må våge å prøve nye ting, og ikke minst: man ikke må være redd for at det du prøver kanskje ikke går helt som du i utgangspunktet ønska!

**Ikke lett**

Det å stå foran en forsamling med ukjente mennesker og å være personlig er ikke lett. Gjennom LHL Hjerneslag Ung har vi møtt flere som har erfart mange av de samme utfordringene som oss etter å ha opplevd hjerneslag.

Etter erfaringsdelingen har det blitt lettere å fortelle om våre erfaringer siden vi vet det gjelder flere.

**Ikke en fasit**

Vi håper vi klarte å formidle at vår måte å løse utfordringene vi har stått i ikke vil være en fasit for alle, men at enkelte tips kan komme til nytte.

Tusen takk for de flotte turstavene som var laget av Arnfinn Leif Hanestadhaugen, og takk for god eplekake og gode sveler!

**En hilsen fra Birgit og Nils Espen**




*Foredragsholderene fra venstre Birgith Thunem Knutsen og Nils Espen Lilleheim.*